



Hagelsundet Eigedom AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2102 - 16/19604

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 185/333 Isdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.06.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det er skildra to ulike skiltløysingar i søknad:

1. Søknad om skilt på takflate
2. Reklametavle og namn på bygget over hovudinngangen.

Punkt. 1

Skilt på takflate vedlegg som vert vist til i søknad er ikkje sendt kommunen. Kommunen må få inn ein målsett takplan som syner storleik og plassering på skilt som er søkt oppført på takflate.. Dersom det er snakk om å male «Dampen» på takflata er dette truleg ikkje omfatta av søknadsplikt etter plan- og bygningslova, men vil vere søknadspliktig med omsyn til vegmynde og Statens vegvesen. Dersom det er snakk om å montere skilt eller evt. bokstavar på taket så vil dette vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova og vil krevje vedtak/uttale frå Statens vegvesen. Det er opplyst at søknad er sendt Statens vegvesen, svar frå Statens vegvesen må dokumenterast før det vert montert skilt/mala på taket.

Punkt. 2.

Det må sendast inn målsett dokumentasjon og fasadeteikning som syner reklametavle over hovudinngangen, denne skal vere påført ytre hovudmål på reklametavla samt mål på kvar av reklameskilta. Vidare må det på fasadeteikning vere vist namnet «Dampen» slik det er tenkt påført bygget, dette skal og vere påført ytre hovudmål.

Med omsyn til punkt 1 og 2 må de gjere greie for eventuell lyssetting av skilta.

Søknadstype

Omsøkt tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav i) jf. pbl. §§ 20-2 bokstav a og 20-3 krav om bruk av ansvarleg føretak.



De har levert inn søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar og erklæring om ansvarsrett som sjølvbyggjar og viser til dialog med kommune. Vi beklagar dersom de har fått informasjon om at de kan søkje som sjølvbyggjar, men aktuelt tiltak kjem ikkje inn under tiltak som kan søkast som sjølvbyggjar (eigen bustad eller eigen fritidsbustad).

Naudsynte søknadsskjema finn de på følgjande lenke:

<http://dibk.no/no/byggeregler/Byggesoknader/Byggesaksblanketter/>

Følgjande blanketter skal fyllast ut:

5174 – søknad om tillatelse til tiltak

De kan be kommunen om å vurdere å frita frå krav om ansvarsrett etter plan- og bygningslova § 23-1, 5.ledd.

Eller evt. få eit føretak til å forestå søknaden for dykk, det må i så fall sendast inn følgjande blankettar:

5181 – erklæring om ansvarsrett

5185 – gjennomføringsplan.

Kommunen kan ikkje ta stilling til søknaden før supplerande dokumentasjon i samsvar med punkta over ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 07.08.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hagelsundet Eigedom AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ